



Illustrasjonsfoto.

Etter nokre episodar med ein freidig og frekk dørseljar sentralt i bygda sist tirsdag, går vi no ut med ei sterk oppfordring om å vera nøye med å låsa dørene. I eitt av tilfella forsvann nokre pengesetlar som låg i gangen, og det hadde også vore rota i to kommodeskuffer før seljaren fekk det travelt med å forlata huset.

Den som budde i huset hadde gått ut kjellarvegen ein kjapp tur på nedsida av huset. Før ho gjekk ut, hadde ho gjort klar nokre pengar for å gje til fasteaksjonen som ho visste pågjekk denne ettermiddagen. Ho la pengane i gangen medan ho var ute den vesle turen på nedsida av huset. Ho var berre borte ca. 5 minutt før ho igjen kom inn kjellarvegen.

Då ho kom tilbake, oppdaga ho at pengane var vekke. Ho sjekka derfor om noko meir var forsvunne. Både lpad og mobiltelefon var på plass, men då ho kom inn på soverommet, var det tydeleg at det hadde vore folk i to skuffer i ein kommode. I desse var det berre kle, og før han fekk gjort noko meir, har han truleg fått det travelt då huseigaren kom inn i kjellaren.

Ein nabo hadde observert mannen og tok kontakt med huseigar som deretter spurde ein annan nabo som er avhengig av rullator og rullestol om det hadde vore ein mann der. Den eldre nabokvinna kunne då fortelja at det hadde ringt på døra. Før ho rakk å opna kom ein framand mann rett inn, sette skoa fint frå seg, presenterte seg høfleg med eit sjølv laga skilt som ein student frå Polen. Han plukka fram nokre påskefigurar som han ville selja. Då dama ikkje kjøpte noko, forlet han huset og for vidare.

Vi veit også at mannen har vore på døra til ei dame over 90 år i same området, men ho sleppte han ikkje inn. Han er også observert ved Spar av same naboen som såg han forlet huset der pengane forsvann.

Politiet er informert om saka.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland